



# POLITIET

Politidirektoratet  
Postboks 8051 Dep  
Hammersborgsgata 12  
0031 OSLO

*Dykkar referanse*

*Vår referanse*

*Dato*

2013/01080-3 008

09.09.2013

## Høyringsuttale frå Sogn og Fjordane politidistrikt til NOU 2013:9 "Ett politi- rustet til å møte fremtidens utfordringer"

### 1. INNLEIING

Vi vil fyrst kreditere utvalet for ein grundig gjennomgang av norsk politi basert på det mandat som ligg til grunn for arbeidet og den korte tid utvalet har hatt for arbeidet.

Utvalet tilrår at det vert gjennomført 2 reformer i norsk politi

- ei strukturereform
  - o auka vekt på kjerneoppgåver
  - o ny struktur og organisering
- ei kvalitetsreform
  - o betre styring og leing
  - o betre kvalitet og prestasjonar

Hovudinntrykket av rapporten er at den er godt og logisk oppbygd, og gjer greie for tilrådingane på ein god måte. Uansett kva modell som til sist vert valt har utvalet lagt fram eit faktagrunnlag som på mange område kan brukast i vidareutvikling av polititenesta. Arbeidet med Politianalysen er ein av fleire prosesser som skal skape endring og betring i polititenesta. Det er viktig å sjå alle desse endringsprosessane i samanheng.

Høyringsuttalen er bygd opp på same systematikk som nemnt ovanfor.

Ein del punkt i analysen har vi gjeve tilslutning til, og uttalen vil då vere kortfatta.

På nokre område er vi usamde i tilrådingane frå utvalet, og på andre område stiller vi oss meir spørjande til premissar og følgeleg også til konklusjonane.

Våre hovudinnvendingar er:

Sogn og Fjordane politidistrikt

1. at det vert tilrådd ei stor omorganisering av norsk politi utan at redningstenesta er teken med og dermed har utelate å problematisere organiseringa i forhold til samvirke med andre etatar
2. at utvalet har lagt for mange kriterier til grunn utan at det i tilsetrekkelig grad er gjort greie for grunnlaget
3. at det er lagt opp til så store endringar i politiet utan at ein fyrst stiller spørsmål ved kva politi vi skal ha, jf Politirøllemeldinga med dei 10 grunprinsippa og seinare oppfølging i St.meld.nr 42 (2004-2005) pkt 2.1 der det går fram at ” det idemessige grunnlaget som prinsippene samlet uttrykker skal allikevel også i fremtiden være en del av politi – og lensmannsetaten”.

Vi vil innleiingsvis peike på at det er viktig uansett kva tilrådingar Politidirektoratet fremjar for Justisdepartementet at prosessen held fram i det tempo som analysen legg opp til. Verken publikum eller dei tilsette er tent med ein langdryg prosess som over tid vil tappe energi og krefter frå politiet sine viktige samfunnsoppgåver, og i ytterste konsekvens vil svekke kvaliteten på tenestene.

Utvalet la fram sine tilrådingar rett før sommarferien. Det har naturleg nok vore ei utfordring å få til ein omfattande prosess lokalt for å gie eit uttømande og fullgodt svar på alle tema der utvalet kjem med tilrådingar. Politimeister har reist rundt til alle driftseiningar og gjort greie for utvalet sine tilrådingar og motteke kommentarar og innspel. Det har også vore arrangert eit møte i leiargruppa og enkelte tilsette for å få faglege råd og innspel til høyringssvaret. Sjølv om høyringssvaret bruker vi-form står den for politimeister si rekning. Høyringsuttalen baserer seg imidlertid på faglege råd frå tilsette som har delteke i prosessen.

## 2. AUKA VEKT PÅ KJERNEOPPGÅVER

Etter vår oppfatning har utvalet ei god prinsipiell tilnærming til spørsmålet om kva politiet skal utføre av oppgåver, og vi støttar alle tilrådingar der utvalet vil behalde og delvis behalde oppgåvene. Argumentet for å behalde desse oppgåvene er at dei støttar opp om politiet sine kjerneoppgåver. Vi støtter også utvalet si tilråding om overføring av dei fleste polisiære oppgåver jf tabell 11.3. Vi er utrygge på om det er rett å ta det administrative ansvaret for Barnehuset ut av politiet med tanke på at det kan kome lovendringar som vil tilseie sterk auke i bruk av Barnehusa i framtida. Tilrådingane frå utvalet på dei tilleggsoppgåvene som bør takast ut av politiet kan også vere riktig, men vi meiner at drøftingane her er noko mangelfulle og gjev eit for dårleg vedtaksgrunnlag.

Utvalet har brukt 15 sider på å ta dei fleste sivile – og forvaltningsmessige oppgåvene ut av politiet. Utvalet har dels avvist argument som tradisjonelt er brukt for at politiet skal ha tilleggsoppgåver og dels peika på negative verknader av at politiet faktisk har deler av desse oppgåvene.

For eige politidistrikt vil vi fyrst påpeike at vi i dag bruker lite politiressursar på sivile- og forvaltningsoppgåver. Unnataka er der det er tvingande naudsynt som til dømes lensmannsskjønn.

## *2.1 Kvalitet , effektivitet og leing*

For eige politidistrikt ser vi at vi i dag oppfyller dei måltala som er sette på utlendingsforvaltning og sivile gjeremål. Vi har effektivisert og sentralisert oppgåvene og har sjølve eit subjektivt syn på at oppgåvene i dag vert utført med kvalitet. Det er ingen indikasjonar på at vår oppfatning er feil. Vi ser ytterlegare potensiale for effektivisering av desse tenestene dersom det skjer lovendringar som understøttar dette (sivile gjeremål), og det vert gjennomført ei samanslåing av tenestestedar. I ein omstillingsfase var det, som utvalet påpeikar, også slik at desse fagområda kravde mykje leiingsfokus. Vår erfaring er no at dette fokuset er mykje mindre fordi det er innført gode rutinar som fungerer.

På spørsmålet om oppgaveportefølje kan det være nyttig å jamføre med prosessen rundt førstelinjeprosjektet. Våre erfaringar frå dette prosjektet er delte. På den eine sida regisserte UDI og POD gode prosessar som lyfta utlendingsforvaltninga monaleg i politidistriktet dels ved nye IKT løysningar, dels ved initiering av gode arbeidsprosessar og dels ved krav om sentralisering og struktur i politidistrikta. Det positive er her at sentralt styrte prosesser gav gode resultat for oppgåveløysinga. Den negative erfaringa i eit samfunnsøkonomisk perspektiv er at det ved ein nærare gjennomgang viste seg at flytting av utlendingsforvaltninga frå politi til UDI likevel ikkje ville gje dei samfunnsmessige innsparingane som ein forventa, og heile prosessen stoppa opp. I lys av dette er vi noko skeptisk til trua på at utleggsforretningar kan løysast med 70 årsverk i SI mot 300 i politiet.

## *2.2 Rammebudsjettering*

Vi er samd i at rammebudsjettering i eit historisk lys har gått ut over politiet sine kjerneoppgåver ved at ressursar har vorte allokert frå kjerneoppgåver til tilleggsoppgåver når arbeidsmengda har auka på disse områda. Slik kan det sjølv sagt ikkje vere og dette er difor eit viktig argument for å redusere porteføljen av tilleggsoppgåver. Store endringar i oppgåvemengda vil imidlertid setje einkvar organisasjon under press anten det er politiet eller andre offentlege etatar som utfører oppgåvene. I offentlig forvaltning er det berre to måtar å møte dette på: betre og meir effektive arbeidsprosessar og/eller fleire tilsette. Dette ser vi har skjedd i UDI i utlendingsforvaltninga og dels i politiet ved at politiet fikk tilført sivile stillingar i samband med finanskrisa i 2009. Stillingar som i stor utstrekning vart brukt til å møte auka arbeidsmengde innan sivile gjeremål og utlendingsforvaltning. Dette er døme på at ein kan og må løyse problem utanfor rammene.

## *2.3 Kunnskapsoverføring frå tilleggsoppgåver til kjerneoppgåver*

Utvalet finn ikkje spor av systematisk kunnskapsoverføring frå politiet si handsaming av kjerneoppgåver til handsaming av tilleggsoppgåver. Det er et viktig funn, men det er ikkje sjølv sagt at svaret på dette er at tilleggsoppgåvene bør takast ut av porteføljen. Eit svar kan også vere at politiet må utnytte dette rommet betre, på ein meir konstruktiv og systematisert måte. Utvalet er inne på lovregulerte begrensingar ved slik kunnskapsoverføring. Dersom det er ønskelig at politiet skal verte betre på dette området er det difor naudsynt å gå nærare inn på dette i eit lovlighetsperspektiv og setje ned klare stolpar på kva som er ønskeleg og lovleg.

I denne samanheng kan det være føremålsteneleg å vise døme på kunnskapsoverføring motsett veg, frå kjerneoppgåver til forvaltning. Vi skal ikkje mange år tilbake i tid for å sjå at vi ikkje var gode nok på å bruke informasjon som vi fikk i politi-/straffesakssporet til å

generere utvisningssaker og tilbakekall av våpen og førarrett. Vi har vorte mykje betre og meir systematiske på dette i dag og kan truleg på same måte verte betre på å utnytte informasjon motsett veg om det er ønskeleg.

## *2.4 Desentralisert struktur.*

Tilleggsoppgåver må ikkje være avgjerande for tenestestadsstrukturen. Med dette meiner vi at vi ikkje kan behalde tilleggsoppgåver som krev lokalt nærver dersom det av omsyn til kjerneoppgåvene er fornuftig med ei samanslåing av tenestestadar.

### Konklusjon

Sjølv om vi stiller ein del spørsmål ved utvalet sine tilrådingar, støttar vi den prinsipielle tilnærminga med sontring mellom kjerneoppgåver og tilleggsoppgåver. I den grad utvalet sine argument ved ei nærare utgreiing viser seg å vere riktig støttar vi ” at politiet gis et mer spisset oppgavesett, som i hovedsak avgrenses til oppgaver direkte knyttet til politiets kjerneoppgaver, samt oppgaver som direkte understøtter løsningen av disse”. Vi er samde i at det vert sett i gang eit utgreiingsarbeid med tanke på dette, men då slik at ein også må vurdere nærare om det er hold i at ei brei oppgaveportefølje kan gje informasjon og kontakt med publikum som støttar kjerneoppgåvene.

Etter vårt syn er det oppgåver som forliksråd, gjeldsordning og lensmannsskjønn som ligg best til rette for å ta ut av oppgaveporteføljen til politiet. Nokre korte argument til dette: Politiet vart i 2005 sekretariat for dei kommunale forliksråda. Inntil då var det kommunane sjølve som hadde sekretariat. Vi er samde i politianalysen om at dette utan særlege problem kan tilbakeførast til kommunane. Dette er ikkje ein naturleg del av oppgåvene til politiet, sjølv om vi beheld nokre av dei sivile oppgåvene.

Gjeldsordning vert i dag utført av namsmannen, medan NAV har ei stor rolle i den utenomrettslege delen av gjeldsordninga og rettleiing for søkjarar. Det vil medføre få ulemper om NAV tek den delen av gjeldsordninga som namsmannen har no. Det vil kanskje opplevast som ein fordel for publikum at dette ligg til same etat, og ikkje slik det er i dag der ein fyrst må forholde seg til NAV for deretter gå til namsmannen.

Lensmannsskjønn i dagens samfunn er i all hovudsak knytt til naturskadar. Dagens lensmenn har få føresetnader for å gjennomføre naturskadeskjønn, og det er heller ikkje ein naturleg del av oppgåvene til lensmannen. Ved større naturkatastrofer legg det beslag på store ressursar å få gjennomført naturskadeskjønn. Desse ressursane burde brukast til reine politioppgåver. Vi er samde med politianalysen i at andre, t.d. Jordskifteretten, har betre føresetnader for å gjennomføre dette. Det vil nok også opplevast som meir fagleg naturleg for dei skjønnsette gjeld og publikum elles at desse oppgåvene vert utført av ein jordskiftedommar.

## **3. POLITIDISTRIKTSSTRUKTUR**

### 3.1 Innleiing

Politidistriktsstrukturen er den delen av utvalet sine tilrådingar som det er vanskelegast å ta stilling til. Etter ei grundig vurdering er vi komne til at publikum i Sogn og Fjordane er best tent med ein fylkesmodell.

Før vi går inn på dei premissane utvalet legg til grunn for si tilråding vil vi knyte nokre generelle kommentarar til vårt standpunkt.

Sogn og Fjordane politidistrikt har gjennom fleire år levert gode resultat for befolkninga på dei område vi vert målte på. Gjennomgåande har vi fått gode tilbakemeldingar på dei tilsyn som er gjennomførte og gjennomgåande løyser vi dei operative utfordringane anten det er politiaksjonar eller redningsteneste. Det har vi gjort på tross av ein vanskelig ressursituasjon (som gjeld alle politidistrikt), på tross av ein lokal struktur med mange små lensmannskontor og på tross av at vi er et lite politidistrikt med utfordringar i å utvikle og vedlikehalde kompetanse på en del spesialområde. Det siste vil vi komme tilbake til under avsnitt 3.2.1, men vi vil allereie no nemne at vår hovudutfordring ligg i å utvikle og vedlikehalde spesialkompetanse på ein del fagområde. Særleg på litt smale fagområde knytt til spesiallovgevinga. Vi meiner på tross av dette at vi er i stand til å møte dei utfordringane som er i Sogn og Fjordane innan beredskap og straffesakshandsaming. Vi er eit lite politidistrikt som skal skape tryggleik for befolkninga i Sogn og Fjordane med den risiko og dei utfordringar som folk møter her. Det er ikkje tunge argument med vår historie som tilseier at det skal gjerst endringar i politidistriktsstrukturen. Uavhengig av årsak til ei strukturendring er vi heller ikkje overtydde om at større politidistrikt vil gje betre resultat for befolkninga i Sogn og Fjordane totalt sett. Befolkninga i fylket vil kanskje få betre tilbod på nokre område i ein regionsmodell, men svekka tilbod på andre område. Ein av fordelane med å vere eit sjølvstendig politidistrikt er at vi kan prioritere dei utfordringar som eksisterer i Sogn og Fjordane. Vi trur at dette er årsaka til at politidistriktet leverer gode resultat på dei fleste fagområde. I tillegg minner vi om at vi har mellom dei lågaste administrasjonskostnadane i etaten, jf figur15.19 i analysen.

Med det standpunkt vi har teke til politidistriktsstruktur har vi lagt inn nokre føresetnader:

1. Bemanningsauken som er tilrådd i "Politiet 2020" vil verte følgd opp, og Sogn og Fjordane politidistrikt får ein vesentleg del av denne auken, sjølv om vi er klar over at mål om 2 polititenestepersonar pr. 1000 innbyggjar er eit nasjonalt mål og ikkje nivå for kvar einskild eining
2. Arbeidstidsreglane for politiet må endrast og sikre fleksible tenesteordningar som reflekterer at politiet er ein operativ organisasjon som leverer døgntkontinuerlege tenester.
3. Politimeistrane står fritt til å organisere politidistriktet. I praksis ved å gje tilråding til Politidirektøren som etter utvalet si tilråding skal få delegert fullmakt til å treffe avgjerd om tenestestadsstruktur.
4. Kripes og Økokrim består som nasjonale bistandsorgan
5. "Robusthetsgrensene" som utvalet har etablert må nyanserast.
6. Nabohjelp på enkelte område der vi vil vere sårbare.

### *3.2 Kriterier for framtidig politidistriktsmodell*

Utvalet har utvikla eit sett kriterier for vurdering av ny distriktsstruktur.

### 3.2..1 Robuste politidistrikt.

Robusthetsberegninger er gjort med utgangspunkt i behovet for robuste fagmiljø, og på enkelte område behovet for døgnkontinuerlig teneste. Utvalet har henta erfaringar frå dei største politidistrikta og deretter lagt til grunn at robuste fagmiljø fordrar 5-10 årsverk, både for å dekke nødvendig spisskompetanse innan aktuelle område, for å kunne avlaste kvarandre for særleg belastande oppgåver og for å ha tilstrekkelig kapasitet når personell er borte på kurs, konferanse, ferie og ved sjukdom. Vi er samd i at politidistrikta i størst mulig utstrekning må vere robuste i forhold til dei utfordringane politidistriktet står ovanfor, men vi synes det er vanskelig å ta stilling til dei robusthetsgrensene som utvalet fastset som etablerte kriterier. Vi saknar ei nærare grunngjeving for dei ”etablerte kriteriene”, og vi saknar ei nærare utgreiing for utvalet sine refleksjonar rundt det faktum at dei politidistrikta som i dag ligg nærast opp til å fylle dei ”etablerte kriteriene”, ikkje er dei distrikta som leverer de beste resultat på ein del viktige resultatmål.

Vi er for vår eigen del ikkje i tvil om at politidistriktet har eit sakstilfang som er stort nok til at vi kan etablere tilstrekkelig kompetanse innan økonomisk etterforskning, vold/sedelighet, kriminalteknikk, førebygging, operativ analyse, og alvorlig og organisert kriminalitet og at vi innan desse felta kan utvikle robuste fagmiljø. Heile tida målt opp mot utfordringane i Sogn og Fjordane. Når det gjeld innsatsleiing og IP3 mannskap legg vi til grunn at dette må vere ressursar som kan nåast innanfor et visst geografisk område og innanfor eit kritisk tidsrom. Slik vi forstår argumentasjonen rundt dette må desse ressursane uansett vere i Sogn og Fjordane uavhengig av politidistriktsstruktur for at responsevna skal nå eit visst minimumsnivå.

Robusthetsgrensa for påtalejuristar er sett til 20, utan at dette er nærare grunngjeve. Dette er etter vår oppfatning eit for høgt tal. Ei mindre påtalegruppe vil openbart kunne etablere eit godt fagmiljø med tiltsrekkeleg kompetanse til å utføre påtaleoppgåvene knytt til straffesakene i Sogn og Fjordane på ein fullt ut tilfredsstillende måte. Utfordringa ligg imidlertid i dagens ATB, som gjer jourordninga vanskelig å handtere. På den eine sida er ikkje aktiviteten på kveldstid stor nok til at det vil kunne sysselsette ein jourhavende på aktiv teneste. På den andre sida er ikkje ATB tilpassa situasjonen til ein påtalejurist på reserveteneste. Ein bør etter vårt syn revurdere kor føremålstenelig dagens avtale er. Vi er inneforstått med at dagens påtalegruppe er for lite i forhold til kva som er robust, men meiner at talet er mykje lågare enn 20 som er skissert av utvalet.

Operasjonssentralane er sett opp med ei robusthetsgrense på 60 årsverk. Det er vanskelig å ha noko klar formeining om denne grensa. Kriteriet føreset 5-6 operatørar til ei kvar tid og ei styrking til 7-8 operatørar i periodar med fleire hendingar. Dette skal m a gje tilstrekkelig mengdetrening for den enkelte operatør. Det seier seg sjølv at 60 operatørar er uaktuelt i Sogn og Fjordane i ein eventuell fylkesmodell. Vår erfaring at det som no er sett som ein minimumsmodell med 2 operatørar og ei styrking til 3 gjev tilstrekkelig styrke til å løyse løpande oppdrag og alvorlige hendingar. Erfaringane er også at vi klarer å bemanne operasjonssentralen raskt opp når det skjer kritiske hendingar. Vi har gjentekne gonger vorte prøvd på dette. Etter vår oppfatning vil dette også gje tilstrekkelig mengdetrening. Det er ikkje fanga opp signal hos oss om at kompetansen til våre operatørar er utilstrekkelig og at dei får for lite trening. Så vidt vi har erfart har våre oppdrag gjennom tid vorte løyst på ein god måte. Så vidt vi kan sjå meiner utvalet at den kritiske mengda saker for eit operatørårsverk er tilnærma det Oslo har i dag; rundt 1300. At dette er det rette nivået manglar ei grunngjeving. Utvalet skriv at det er tre faktorar som er kritisk med tanke på kva som sjåast på som god responsevne. Forutan ein velfungerande operasjonssentral og innsatsleiarfunksjon, er tilstrekkelig operative politiressursar avgjerande når det enkelte politidistrikt si responsevne skal vurderast. Med den kompetanseoppbygging som det er lagt

opp til i Meld.St.21 (2012-2013) for heile kjeda av personell involvert i operative aksjonar, er det vår oppfatning at kompetansen også totalt sett vil være god nok også i forhold til dei utfordringar operasjonssentralen lokalt står ovanfor. Vi legg då også til grunn at det vil bli vesentleg betre IKT løysingar i dei operative patruljane slik at dei i kvardagen er sjølvhjelpete ved registersøk m v.

Operative aksjonar kan være redningsteneste eller reine politioperasjonar. Utvalet har ikkje vurdert konsekvensar for politiet sine oppgåver i redningstenesta. Redningsteneste er ein stor og viktig del av politiet sin beredskap og inneber eit utstrakt samarbeid med andre naudetatar, andre offentlige etatar og frivillige for å utvikle eit godt samvirke. Ved å avgrense mot dette har rapporten vorte noko innadvendt mot politiet og ikkje drøfta kva konsekvensar ei samanslåing kan få for redningstenesta. Vi veit at dette har vekt bekymring hos fylkesmannen i Sogn og Fjordane som vil gje ein eigen høringsuttale om dette. I Sogn og Fjordane er det etablert gode samarbeidsrelasjonar særleg mellom naudetatane både ved meldingsmottak (konferansekobling) og i den vidare aksjonskjeda. Alarmsentralen og operasjonssentralen er samlokalisert og vi meiner at dette utgjer ein fordel i redningsteneste som ikkje er problematisert av utvalet. Det er ei faglig vurdering hos oss at eit ”politidistrikt vest” i regionsmodellen vil gje utfordringar opp mot geografikunnskap og lokalkunnskap, uavhengig av kartsystem og andre system som er tilgjengelig. Dette vil kunne føre til lenging av meldingsmottak.

### *3.2.2 Lik organisering.*

Vi ser at lik organisering kan gje ein del fordelar. Desse fordelane er nemnt med mellom anna like prosessar og ansvarsforhold, betre moglegheit for samarbeid, lettare styring for POD, og ikkje minst legg til rette for å utvikle beste praksis og læring gjennom gode fagnettverk. Vi trur at også ein fylkesmodell kan gje tilnærma likskap i organisasjonen som gjer at vi oppnår dei fordelane som utvalet peiker på. Vi ser at balanse i storleik kan gje ein del fordel reint styringsmessig for POD, men er usikker på om dette er eit godt argument for regionsmodellen på andre område. Uansett storleik og organisering vil ein til sjuande og sist møte ei røyndom som krev ulike løysningar på grunn av geografi, avstandar og befolkningsmansetjing. Poenget må vere å ha knutepunkt for alle fagspor i alle politidistrikt som sikrar god kommunikasjon horisontalt mellom politidistrikt og vertikalt frå POD til politidistriktet og ut til dei tenestestadar som møter ulike faglige utfordringar. Vi må tilstå at vi for eigen del ikkje har vore gode nok til å legge til rette for dette på fleire område. Etter vår meining er årsaka til dette m a manglande ressursar og manglande fridom til å organisere eiga verksemd, snarare enn det er et spørsmål om ulik organisering.

### *3.2.3. Styring og leiing*

Vi ser at færre geografiske grensesnitt på distriktsnivå gjev fordelar. Spørsmålet er om dei store distriktsområda som det vert lagt opp til vil gje nye autonome einingar som skapar nye geografiske grensesnitt. Vi ser at politidirektøren må ha ei god strategisk leiargruppe. Denne gruppa kan openbart ikkje bestå av alle politimeistrane i ein fylkesmodell. I ein fylkesmodell må difor politidirektøren finne andre løysningar for etablering av si strategiske leiargruppe. Etter vår oppfatning treng ikkje geografisk representasjon frå alle einingar på underliggende nivå vere eit kriterium for utveljing til ei slik leiargruppe.

### 3.2.4 Effektiv ressursutnytting

Utan at vi har rekna på det, trur vi at ein regionmodell i pengar og årsverk vil gje ei innsparing i forhold til ein fylkesmodell slik utvalet gjer greie for. Vi er likevel usikker på om innsparinga i administrasjon og leing vil verte så stor som forventa. Vi trur at driftsområda i ein regionmodell vil verte såpass store at det vert nødvendig med noko leiings- og merkantil støtte rundt leiar av driftsområdet.

#### Konklusjon

Vi tilrår at fylkesmodellen vert valt. Vi har innleiingsvis sett ein del føresetnader for dette standpunktet. Dersom føresetnad 1, 3 og 5 sviktar vil det ikkje være grunnlag for å oppretthalde eit sjølvstendig politidistrikt etter ein fylkesmodell. Sogn og Fjordane politidistrikt vil ikkje nå dei etablerte kriteriane som utvalet legg til grunn. Dersom disse kriteriane vert lagt til grunn som ein nødvendig fagleg standard er det ikkje grunnlag for å vidareføre Sogn og Fjordane politidistrikt som eit sjølvstendig politidistrikt.

Dersom det ikkje vert ein ein fylkesmodell vil vi støtte ein mellommodell. Vi kan som nemnt ikkje seie oss samd i alle kriteriane som analysen legg til grunn for sine vurderingar av om eit politidistrikt er robust eller ikkje. Dersom desse kriteriane vert justert ned til eit, etter vårt syn, rettare robustheitsnivå, vil mellommodellen stå mykje sterkare enn den gjer i analysen sin konklusjon. Utvalet ser nesten vekk ifrå utfordringane med avstandar som vil oppstå i regionsmodellen. Mellommodellen tilfredstiller etter vårt syn i stor grad omsynet til robustheit, og dei geografiske utfordringane vert vesentleg mindre og til å leve med.

## 4. LOKAL STRUKTUR

Vi sluttar oss i hovudsak til utvalet sin konklusjon om at dagens lokale struktur ikkje gjev eit effektivt lokalpoliti eller gode nok publikumstenester lokalt, og til tilrådinga om at det lokale politiet skal styrkast gjennom auka politibemanning og færre små einingar ved å slå saman lokale tenestestadar. Frigjorde ressursar skal brukast til å styrke bemanninga på dei attverande tenestestadane for å gje auka grunnberedskap, styrka fagmiljø og ei betre publikumsteneste lokalt.

Den metoden og dei kriteriane som utvalet har lagt til grunn i kapittel 12.6.2 kan gje et godt utgangspunkt for vurdering av tenestestadsstrukturen, men må sjølvstendig vurderast og tilpassast konkret i forhold til lokalkunnskap.

Vi sluttar oss til utvalet si tilråding om at Politidirektoratet får fullmakt til å opprette og endre lensmannsdistrikt.

Fullmakter til å organisere eiga verksemd er ein avgjerande føresetnad for å kunne utøve styring og leing både sentralt og lokalt.

Det vert ofte hevda at samanslåing av tenestestadar/lensmannskontor er brot på nærpolitimodellen. Spreidd tenestestadsstruktur har kvalitetar, og det er viktig at dei endringane som vert gjort i tenestestadsstrukturen ikkje svekkjer dei effektane som ligg i nærpolitiet. Nærpoliti skal skape reell tryggleik for befolkninga. Nærpoliti skal også fremje eit godt samspel mellom politi og publikum og mellom politi og samarbeidande etatar på kommunenivå for å løyse dei felles utfordringane knytt til å motverke kriminalitet og arbeid

med samfunnstryggleik. Reell tryggleik kan berre skapast av eit politi i teneste som er i stand til å nå område med risiko for kriminalitet og ulykker innan rimelig tid. Eit godt samspel kan berre skapast ved at politiet er tilgjengelig for publikum innanfor ein akseptabel reiseavstand og ved at politiet og andre etatar på lokalt nivå skapar gode samarbeidsstrukturar og godt samarbeidsklima. Kommunegrensar bør ikkje vere avgjerande for kva som gjev eit godt nærpoliti. Utvalet viser at små kontor av omsyn til ein nødvendig effektiv operativ ressursbruk ofte må holde stengt. Det trur vi at vi vil sjå meir av i framtida fordi ressursane til etterforsking og beredskap er under press. Vi trur at dei kriteriar som utvalet har lagt til grunn for si modellering av tenestestrukturen har gode føresetnader for å gje eit godt nærpoliti, og sikre rekruttering til eit kompetent nærpoliti. I vårt politidistrikt har vi 2 kommunar som ikkje har stadplassert ein egen lensmann i kommunen. Dette gjeld Hornindal og Naustdal. Vi har ikkje kunnskap om at befolkninga på desse stadane har eit dårligare nærpoliti enn i dei andre kommunane. Heller ikkje at befolkninga der føler mindre tryggleik. Under alle omstende er det ikkje grunnlag for å seie at beredskapen er dårligare i desse kommunane målt opp mot risikobilde og samanlikna med andre mindre kommunar i politidistriktet. Det vert ofte sagt at nærpoliti vert utøvd ved at polititenestemenn og kvinner bur i kommunen og deltek i samfunnslivet. Vi skal ikkje avvise dette poenget, men er usikker på kor langt dette argumentet rekk i dagens og framtidas arbeidsmarknad med større arbeidsregionar og nyttilsette sin preferanse for å velje større arbeidsmiljø med et breitt spekter av arbeidsoppgåver.

I diskusjonen om nærpoliti og organisering meiner vi elles at det frå kompetent hold, t.d. PHS, burde føretakast ein studie/analyse om kvaliteten i polititenesta i kommunar utan lensmannskontor i kommunen. Dette kunne ha gjeve eit godt grunnlag for vidare diskusjon og avgjerdsler.

## 5 EFFEKTIVITET OG KVALITET I OPPGÅVELØYSINGA

### *5.1. Administrative støttefunksjonar*

Analysen konkluderer med at det ligg eit innsparingspotensiale knytt til administrative funksjonar gjennom ei sentralisering og etablering av fellesfunksjonar.

Med grunnlag i målestokken tal administrativt tilsette pr 100 årsverk viser figur 15.19 i analysen at det er store forskjellar mellom politidistrikta frå om lag 4 til 14 administrative årsverk pr 100 tilsette. Utvalet ser ingen samanheng mellom storleiken på politidistrikt og andel årsverk brukt på administrative støttefunksjonar.

Analysen gjev ikkje noko svar på moglege årsaker til forskjellane, men konkluderer med at det er eit effektiviseringspotensiale her og at dette potensialet kan realiserast ved ei sentralisering av dei administrative støttefunksjonane.

Vi tillet oss å stille spørsmål ved om ei sentralisering vil vere svaret når analysen viser at Sogn og Fjordane som eit lite politidistrikt berre bruker 5,7 % av totale årsverk til administrative støttefunksjonar, medan store politidistrikt som Hordaland har 9 og Oslo 9,5

Vi meiner at det ligg eit stort effektiviseringspotensiale knytt til meir standardisering av rutinar, systembruk, betre og integerte IKT system. Dagens ikt system for dei administrative funksjonane er tungrodd og tidkrevande å arbeide med. Som utvalet peikar på er det mykje som gjenstår før politiet har etablert ei heilskapleg IKT plattform med tilhøyrande applikasjonar som bidreg til å understøtte ei god og effektiv oppgåveløysing. Dette gjeld også på det administrative området.

Ein bør såleis ta fatt i dette effektiviseringspotensialet før ein vel å sentralisere dei administrative funksjonane.

Ein stor del av lønsutgiftene i politiet er knytt til variable lønsutgifter. Arbeidet i TTA må sjåast på som ein vesentleg del av lønsfunksjonen. Rekneskapsmessig vert store utgifter generert her. Det er difor viktig med nærleik til, og kjennskap til den daglege drifta både i forhold til planlegging, kontroll, rådgjeving og fleksibilitet for naudsynte korrigeringar. Vi vil såleis hevde at kontrollspennet vert for stort for styring og kontroll ved ei sentralisering av løn og rekneskap i ei verksemd som har døgnkontinuerleg drift med eit stort innslag av variabel løn. Ei sterk sentralisering og eit for stort spenn på dette område vil kunne gå ut over kvalitet og effektivitet. Ein etterlyser uansett korleis planlegging, styring og kontroll er tenkt løyst konkret ved ei sentralisering av dei administrative funksjonane.

## *5.2 Teknologi, leiing, utvikling og forvaltning av kompetanse.*

Utvalet har skrive mykje godt om teknologi, styring, leiing og kompetanseutvikling. Vi kan alt i alt støtte dei fleste tilrådingane i kapittel 13,3, 14,4,15,4, 16,4, 17,5 men slik at vi stiller spørsmål ved innsparingseffekten som ligg i sentralisering av administrative støttefunksjonar.

### Avslutning

Avslutningsvis vil vi gjenta vårt synspunkt om at det er viktig uansett kva tilrådingar Politidirektoratet fremjar for Justisdepartementet at prosessen held fram i det tempo som analysen legg opp til. Verken publikum eller dei tilsette er tent med ein langdryg prosess som over tid vil tappe energi og krefter frå politiet sine viktige samfunnsoppgåver, og i ytterste konsekvens vil svekke kvaliteten på tenestene.

Med helsing

Ronny Iden  
Kst pm

Sakshandsamar:

Tlf: